



BrassWind 2017

BrassWind vart skipa i 2004 og er ein årleg musikkfestival i Bergen.

BrassWind hyllar komponistane - Norsk Komponistforening 100år!

I 2017 er Norsk Komponistforening 100 år og heile BrassWind- programmet vert via musikk komponert av norske komponistar. Programmet er under utarbeiding og nokon detaljar er endå ikkje på plass.

Sjøforsvarets Musikkorps Vestlandet med dirigent Ingar Bergby står for opningskonserten på årets festival.

Bergen Unge Blåsekvintett spelar Sæverud, Hvoslef og Aagaard-Nilsen (verk tinga av kvintetten). Kvintetten består av er musikkstudentar frå Norges Musikkhøgskole og Det Kgl. Musikkonservatorium i København. På denne konserten får me også høyre små stykke av Inga Lærum-Liebig, originalt komponert for klaver, men, som i Sæveruds tilfelle, instrumentert for blåsekvintett. Lærum-Liebig var pianist og komponist, og satt i det første styre i Norsk komponistforening.

Manger Musikklag med dirigent Peter Szilvay spelar mellom anna eit tingingsverk av Knut Vaage. Det er med glede me har fått Vaage til å skrive eit nytt verk for brass band som skal få sin urframføring i 2017. Manger Musikklag vil også spele eit nytt verk av Dagfinn Koch for brass band og el-bratsj, med Lorenzo Rundo som solist.

I samarbeide med **Session Studio O/Glenn Erik Haugland**, planleggjast ein workshop for unge komponistar som skal skrive for brass band. **Torstein Aagaard-Nilsen** vert mentor for prosjektet.

<http://operaomnia.no/studioE39/komposisjon.html>

Soundpainting med korps er eit prosjekt med ein av våre ekspertar på Soundpainting, komponisten **Jostein Stalheim** i lag med **Stangeland Brass**.

Arktisk Sinfonietta er den yngste av dei profesjonelle sinfoniettaene her i landet og den nordlegaste. Dei er aktive i ein spesiell geografi, med sin orientering mot Nord-Sverige, Finland og Russland. Muskarane kjem óg frå desse landa. Dei har opptredd på diverse festivalar i nord, m.a. Festspillene i Nord-Norge <http://www.festspillnn.no/nb/program/2016/antarctica> , Nordlysfestivalen og Barents Spektakel.

NyNorsk Messingkvintett (<http://www.nynorskmessingkvintett.com>) satsar tungt på ny norsk musikk, og eit par av prosjekta dei er i gong med, er høgaktuelle for BrassWind. Mellom anna eit samarbeid dei skal ha med Ny Musikk komponistgruppe våren 2017 og ei urframføring av *10 fanfarer for folk flest* av Ørjan Matre.

BIT 20 Ensemble vil stå for laurdagens festaften under årets festival. Dei vil spela eit nytt verk av Øyvind Torvund for improvsasjonsmusikk og sinfonietta. Kjetil Møster er solist og BIT 20 sin kunstnariske leiar Alwynne Pritchard vil ta nye grep. Konserten vert i to delar, med ein open diskusjon rundt verket i pausen, før me høyrer musikken ein gong til. Eit verk av denne typen vil alltid klinge ulikt, i og med at improvisasjonen er eit så framstående element.

Tanken er at søndag kan vera den store korpsdagen, eit lite musikkstemne der vaksne elitekorpsutøvarar og dei mest talentfulle skulekorpsmusikantane går saman om å framføre ny norsk musikk. Me er i dialog med Norges Musikkorps Forbund v/Harald Eikaas om dette. Norges Musikkhøgskole sitt elitekorps, **Christiania Blåseensemble**, vil delta her og det vil også **Dragefjellets musikkorps med dirigent Svein Henrik Giske**.

Kvart år har BrassWind ei ungdomssatsing. Mellom anna har **Manger Folkehøgskule Brass Band** vitja oss fleire gonger, og me har invitert lokale skulekorps. Me har intensjonar om dette også i 2017, men akkurat kven det vert er ikkje klart enno. **Hordaland Ungdomskorps** samlar dei fremste korpsmusikantane i fylket. **Arvid Anthun** er dirigent og ein som alltid leitar i vår store skatt av korpsmusikk. Konserten vert ei reise i vår nære fortid der musikken er av nokre av dei tidligaste medlemmane av Norsk Komponistforening.

Bergen Treblåseensemble - B3 speler mellom anna verk av Stig Nordhagen og ei urframføring av verk frå Webjørn Sæthers penn. Ensemblet er sett saman av profesjonelle og frilans-musikarar i Bergen.

BrassWind 2017 vert arrangert frå fredag 29. september til 1. Oktober i Universitetsaulaen i Bergen.

Med dette søker BrassWind 2017 om eit generelt tilskot til festivalen i 2017 på kr. 30 000.

Torstein Aagaard-Nilsen
Kunstarisk ansvarleg for BrassWind

Førebels plan for BrassWind 2017:

Fredag 29. September

19:00 SFMK/Bergby

21:00 Bergen Unge Blåsekviintett

Laurdag 30. September

14:00 Manger Musikklag

15:00 Session Studio O/Krohnengen Brass Band unge komponistar med urframføringar for korps.

16:00 Soundpainting med korps

18:00 Arktisk Sinfonietta

19:00 NyNorsk messingkviintett

21:00 BIT20 Ensemble

Sundag 01. Oktober

Korpsa spelar norsk!

14:00 Manger Folkehøgskule Brass Band

15:00 Hordaland Ungdomskorps

16:00 Christiania Blåseensemble

17:00 Dragefjellets Musikkorps

18:00 Bergen Treblåseensemble - B3